



Referat styremøte i NJFF - Sogn og Fjordane

Stad: Cirkle K, Skei (banken sine lokalar)

Tid: Mandag 26. oktober 2020, kl. 18.00

Oppmøtte: Alf Erik Rørvik, Ingun Loen Sunde, Brede Seim, Marte Bergum.

På Teams: Morten Jacobsen, Henning Haugholt, Vidar Moen

Avbud: Torger Eimhjellen

Sakliste:

58/20 Godkjenning av ref. frå siste styremøte - Alf

Vedtak: Referat godkjent.

59/20 Referatsaker - styret

Brede:

29.09.20, Jølster. Møte viltutvalet

Alf Erik:

22.10.20, teams. Møte med fylkesleiarar, forbundstyre og adm

Marte:

30.09.20, Skei. Møte kvinneutvalet

Reidun:

17.09.20, teams. Møte adm og FS

22.10.20, teams. Møte adm og FS

60/20 Fiskeutval - Morten

Saka vert utsett til neste styremøte

61/20 Høyring – endringar i forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst. – Alf

Vedtak: NJFF Sogn og Fjordane støttar dei endringsforslaga som er foreslått.

62/20 150-års jubileum i 2021 - Alf

Åpningsarrangementet som var planlagt i Trondheim er avlyst pga covid19-situasjonen.

Satsar på utebursdag 13. februar, ønskeleg at så mange lokallag og fylkeslag som mogleg vil ha arrangement.

Alle arrangement bør få hekta på «jubileumsarrangement», bør få dette ut i lokalavisene.

Fylkeslaget ordne uttrekkspremiar til alle som er med på arrangement? (lokallaga må notere deltakarar), trekke ut «bursdagsgåver», gjerne noko med den nye logoen på. Evt. Servise.

63/20 Oppfølging av lokallag - styret

Ingunn:

Stryn og Hornindal jspfl: har hatt hagle- og rifleskyting som normalt, bra med møter og har møteplan. Utsett jegerprøvekurs pga covid19. Ikkje hatt så mange aktivitetar, kunne tenkt seg hjelp til kurs e.l. Lyst å få gjennomføre rypetaksering, kontakt med Olsbø? Jakthund på rype; lite tilgjengeleg, treng info med fordeler og ulemper med bruk av hund.

Bryggja og omegn jfl: er så få i laget, vanskeleg å få inn nye folk. Jegerprøvekurs einaste aktivitet, vart avlyst i år pga få deltakarar. Mange på kysten litt misnøgde med NJFF pga sel, oter og laksefiske på kysten.

Gulen jsfl: avlyst dei fleste aktivitetar, gjennomført fiskesommer. Dårleg økonomisk, må dei betale tilbake tilskot pga avlysingar pga covid19? Gjennomført årsmøte

Alf Erik:

Bremanger jfl: gjennomført årsmøte, lite aktivitet, men held på å bygge hytte ved Vingenvatnet. Rapportering til NJFF: har sendt inn rapporteringar, men blir purra på. Pga namneendring?

Naustdal jfl: Fiskesommer og jegerprøvekurs gjennomført. Litt lite deltaking på fiskesommer-arrangement. Årsmøtevedtak på at dei skal jobbe for å slå seg saman med Førde jfl. Rapportering til NJFF er for omstendeleg, tar for mykje tid.

64/20 Hjortejakta i Selje – status og erfaringar

- Brede

3 (4) områder ein kan jakte på. Jakta bak sentrum ikkje eigna til jakt. Ser fint ut det terrenget i fjellet, må vere litt i form for å jakte der, må gjennom eit anna terreng for å kome dit. Som utleigeterreng er det ok, men krevjande og bratt terreng. Må informere meir om korleis ein bør jakte og korleis terrenget er.

65/20 Fylkesinstruktørar. Kva har vi, kva manglar vi?

- Alf/Reidun

Fylkesinstruktørar vi har:

Fylkesinstruktørar vi ikkje har:

Ettersøk

Aversjon

Jakthunddressur

Hagle

Flugekasting

Rifle

Taksering

(Jegerprøve)

Organisasjonsutvikling

Trofedommar

Vedtak: NJFF Sogn og Fjordane støttar lokallaga med kr. 1.000 per deltakar på instruktørkurs hagle og rifle på jakt og fiskesenteret på Flå.

66/20 Ymse

Saker neste styremøte:

- fiskeutval

- Selbestanden, Henning tar kontakt med fiskeridir. og lagar sak på det til neste møte

Referansegruppe frivillig sektor: Vidar Moen frå NJFF Sogn og Fjordane

Planleggingsmøte 9. nov. Styremedlemer som kan møte, er med og hjelper til, samt møte dei tillitsvalde i utvala.

Referent
Reidun Seim

